

Rapport frå Statoilcup junior 1,2,3

Beitostølen 5 – 7 januar 2018.

Program:

Fredag	Klassisk	K17, K18, K19/20 – 5km. M17, M18, M19/20 – 10 km.
Laurdag	Fristil	NM jr. sprint. Alle K – 1,2 km. Alle M – 1,4 km.
Søndag	Klassisk	K17, K18 – 5 km. K19/20, M17, M18 – 10 km. M19/20 – 15km.

Flott start på dette «norgescup-året» med ei større tropp enn sist år. Det var 20 påmeldte til norgescup for junior, og hhv. 19, 18, 19 til start fredag, laurdag og søndag.

I tillegg til overnattingsplassar tildelt av Norges Skiforbund, vart det også leig nokre hytter for å få plass til alle, dette på eigne initiativ frå foreldra. Det er veldig stor overnattingskapasitet på Beitostølen, så det var ikkje problem å få tak i ekstra overnatting.

Elles er det ein røyn arrangør på Beitostølen og god konkurranseløype, kanskje spesielt for junior..? Ein 5 km vart brukt til renna fredag og søndag, då den vart gått 1, 2 eller 3 rundar. I tillegg har dei sprintløype som vart gått som 1,2 og 1,4 km på laurdag. Bra smøreboder, og det har vore litt fokus på dette med smørevettreglar. Alle i smørebodene skal bruke maske, og ekstra fokus på at løparane ikkje skal opphalde seg her. Stakefrie soner blir videreført og er akseptert av dei fleste. Det er ikkje lenger noko som blir snakka mykje om ser det ut til, og det verkar for å være effektivt og etter intensjonen.

Elles mange gode resultat på Beitostølen og vi må først og fremst trekke fram Karsten som fekk 7, 18 og 4 plass. Eg forstod det slik at han hadde endå høgare mål, men dette er veldig stekt av Karsten. Håper også han får ut sitt fulle potensiale seinare i vinter. Elles var det også Vilde Lange som fekk poeng både fredag og søndag, og veldig nær laurdagen med 31. plass. 31 hadde også Mikkel laurdag og Vilde Øvrebust søndag, i tillegg hadde Vegard ei fin plassering med 32 plass søndag. Alt i alt var det lite som skulle til for at kretsen skulle ta fleire poengplassar.

Oppsummert vart det 2 topp10 plasseringar (begge Karsten), 5 poengplassar (Karsten og Vilde RL), og 17 premieplassar. Ein kan kanskje også merke seg at i kvinneklassene ligg premiegrensa om lag på same som der ein får poeng, medan i herreklassene er det vesentlig tøffare å ta poeng enn å ta premie. Dette pga. fleire startande i gute/herreklassene.

Deltakarar frå Møre og Romsdal			Klassisk	Sprint fri	fristil
K17	Live Johanne Vestre Røkke	Stordal IL	41	69	72
K18	Helene Krokfoss	Stordal IL	86	83	75
	Vilde Roysdatter Lange	Vistdal IL	18	31	29
	Vilde Lorgen Øvrebust	Stordal IL	50	53	31
K19/20	Guro Myrset	MOI	90	44	76
M17	Adrian Flote	Hovdebygda IL	100	154	68
	Mikkel Walderland Gautvik	MOI	40	31	79
	Håkon Bakke Kjerstad	Emblem IL	77	61	91
	Karsten Andre Vestad	MOI	7	18	4
M18	Eskil Engdahl	Torvikbukta IL	142	129	159
	Andreas Hjelle	Stordal IL	DNS	DNS	DNS
	Åsmund Ertresvåg Jakobsen	Emblem IL	DNF	66	109
	Kevin Bjerkeli Krohn	MOI	DNF	128	152
	Matias Lied	Liabygda IL	119	147	144
M19/20	Kornelius Linge Glomnes	Valldal IL	122	170	111
	Bjørn Erik Langstein	Tomrefjord IL	36	DNS	70
	Ole Henrik Lervik	MOI	74	159	56
	Petter Elias Vestre Røkke	Stordal IL	114	73	130
	Vegard Røyhus	Hovdebygda IL	133	63	32
	Ludvig Vartdal	Emblem IL	118	117	49

10.01.2018

Jan Erik Westerås